



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bremnes sokneråd

### Årsmelding 2020

### BREMNES SOKNERÅD

#### Soknerådet si samansetjing:

|            |                                                                                                     |
|------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Leiar:     | John Olav Habbestad                                                                                 |
| Nestleiar: | Astrid Farestveit Gane                                                                              |
| Kasserar:  | Hanna Sortland Raknes                                                                               |
| Sekretær:  | Margot Laurhammer                                                                                   |
| Medlemer:  | Torunn Tveita, Åse Innvær, Kjersti Mæland, Lene Fylkesnes Nesse, Asbjørn Gundersen.                 |
| Varamedl.: | Geir Ove Sele, Anita Espevik (permisjon), Eivind Olsen Engen, Iren Torget, Anne Louise Remø Tveita. |

#### Representantar i Bømlo Kyrkjelege Fellesråd:

John Olav Habbestad, leiar og medlem av fellesrådet sitt administrasjonsutval.

Kjersti Mæland, medlem av fellesrådet.

Vararepresentantar: Torunn Tveita 1.vara og Åse Innvær 2. vara.

#### Møte/tilskipingar:

- Det har gjennom året vore 8 ordinære soknerådsmøte.
- Arbeidsutvalet har hatt 8 møter for å førebu saker for rådet.
- Kyrkjelyden sitt årsmøte vart ikkje gjennomført grunna koronasituasjonen.
- Det har vore eit svært spesielt år prega av covid-19 situasjonen. Ein har gjennomført mest digitale arrangement.

#### Saker som ligg fast i perioden er:

- Gjennomføring av fasteaksjonen. Denne vart gjennomført digitalt med innsamling på Vipps. Konfirmantane var flinke til og dele «innsamlingsaksjonen» på sosiale medier.
- Tildeling av offer
- Godkjenning av gudstenesteoppsettet i samarbeid med gudstenesteutvalet
- Arbeid i samband med konfirmasjonsgudstenestene
- Godkjenning av andre arrangement i kyrkja, m.a. konsertar i samarbeid med kantor
- Oppnemning av kyrkjevertar
- Utarbeide budsjett
- Behandle saker som vert oversendt soknerådet frå utvala og andre innkomne saker.

#### Visjon for vidare arbeid:

- Ta vare på den gode tradisjonen, tilpass han til vår tid og gje han vidare til nye generasjonar.
- Frå Trusopplæringsplanen:  
*Me vil at barn og ungdom på Bømlo skal møte ei raus og tydeleg kyrkje slik at dei får hjelp til å leva livet i tru, håp og kjærleik. Målgruppa skal etter gjennomført plan kunna seia:*  
"Eg er døypt, eg er ein del av kyrkja."
- Følgje opp dei frivillige medarbeidarane i kyrkjelyden.
- Setje av tid på nokre soknerådsmøte til å drøfte det indre livet i kyrkjelyden, Soknerådet har det overordna ansvaret for at "kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet" slik det står i kyrkjelova av 7. juni 1996, men dei ymse utvala har fått delegert ansvar for den delen av det kyrkjelege arbeidet mandatet tilseier, og utvala arbeider svært godt.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bremnes sokneråd

### Dei ulike utvala og komiteane

#### Arbeidsutvalet:

Oppnemnde medlemmar: John Olav Habbestad, Astrid Farestveit Gane, Hanna Sortland Raknes og Margot Laurhammer. Utvalet har ansvaret for å setje opp sakliste for soknerådsmøta, og gjera vedtak i enkle saker og hastesaker.

#### Trus opplæringsutvalet (TOL):

Oppnemnde medlemmar: Eva H. Gloppen (leiar), Laila Hansen Røksund, Liv Merete F. Pedersen, Karl Nygård, Hege M. Willems Økland (sekretær), Torunn Tveita og Kjersti Mæland. Utvalet har hatt 3 møter i 2020 og har arbeidd med fylgjande:

#### TruD-tiltak:

- TruD: Babysong, 16 samlingar gjennom året
- TruD1: Myldrekveld for eittåringar, avlyst pga korona
- TruD2: Myldrekveld for toåringar, avlyst pga korona
- TruD3: Krøllekveld for treåringar
- TruD4: Før samling og utdeling av 4.Års-bok
- TruD6: Utdeling av 6.års-bibel, samlingar for 6-åringane m/føresette, ikkje gudsteneste (pga korona)
- TruD7: Påskedrama, avlyst pga korona
- TruD8: Aktivitetsdag
- TruD9: Tårnagenthelg
- TruD10: 10-års jubileum for dåp
- TruD11: Lysvaken, avlyst pga korona
- TruD12/13: 12-festivalen, avlyst pga korona
- TruD14: Konfirmant og foreldrekveld, innskriving. Avlyst pga korona. Ungdomane og føresette fekk informasjon om konfirmasjon pr brev i staden for fysisk oppmøte
- TruD15: Konfirmasjon, vart gjennomført i september
- TruD16: Fjorårskonfirmantsamling, avlyst pga korona
- TruD17/18: Tur til London, avlyst pga korona

#### Søndagsskule

Søndagsskule i kyrkja under gudstenesta har ikkje vore eit tilbod i 2020 pga korona og avlyste gudstenester.

#### Knøttekor

I januar starta me opp med knøttekor for 3-5 åringar anna kvar onsdag. Det var mange som nytta tilbodet, det kom ca 50 barn kvar gong. Barna hadde med seg ein føresett. Etter mars har me ikkje hatt samlingar for koret. Me laga ein knøttekorvideo som vart sendt på nett. Det har vore mange visningar på filmen.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bremnes sokneråd

### Diakoniutvalet og diakonalt arbeid i Bremnes:

Oppnemnde medlemmer: Anne Louise Remø Tveita, Torbjørg Eidet, Hanna Sortland Raknes  
Diakonimedarbeidar Sissel F. Våge har møtt på alle møta.

Utvalet har hatt fire møte i 2020 og har arbeidd med:

- Helsingar til jubilarar i soknet som har runda 80, 90 og 100 år.
- Blomehelsingar til dei som har mista ektefelle eller born i løpet av året.
- Besøkseneste. Det har ikkje vore same moglegheit å gå på besøk grunna koronaen, men besøksvennene er oppfordra til å halde kontakt på tlf, går tur m.m. Kyrkjelyden er også blitt oppfordra til å ta kontakt med folk dei tenkjer kunne hatt glede av ein telefon. Det har også vore annonser og gjort kjent på kyrkja si nett- og Facebook side at prest, diakoniarbeidar er tilgjengeleg på telefon. Desse annonsane har vore konsentrert rundt høgtider.
- Open kyrkje nokre torsdagar i april til juni
- Diakoniarbeidaren er til stades på Rasteplassen kvar torsdag, og elles tilgjengeleg for dei som ynskjer samtale/sjelesorg. Var ikkje til stades frå 12. mars til juni. I 2020 vart mange av samtalane/sjelesorg på telefon.
- Deltok på Bømlo kommune sin aksjon «Rydd ei strand».
- «Godhet» var tenkt å arrangera siste veka i mai i samarbeid med Frivilligsentralen. (Prosjektet vart starta opp av IMI kyrkja og er knytt opp mot deira opplegg for Godhet). Vart avlyst på grunn av koronaen, men har avtalt å prøve å få det til i 2021.
- Fargerikt treff med aktivitetar mat, prat, litt om samfunnet og bibelhistorie om lag ein laurdag i månaden. Frå hausten 2019 har me hatt desse treffa på Gilje bedehus. Me hadde treff dei fyrste månadane og ein tur til Fet i mai.
- Sorggruppe for dei som har mista ektefelle/sambuar i samarbeid med diakonien på Stord. Vart gjennomført, men avslutta litt før enn planlagt.
- Vern om skaparverket som tema på ei gudsteneste i juni. Søkjelyset var på menneskeverd.
- Minnekonsert. Felles med Moster.
- Det var planlagt seks Treffkveldar/forenkla gudsteneste tilpassa menneske med utviklingshemming, og deltaking på ei gudsteneste. Me fekk gjennomført tre av dei planlagde treffkveldane.
- Det var planlagt ni songstunder på sjukeheimen i saman med trekkspelklubben. Tre av desse var gjennomført.
- Det har òg vore tilbod om samlivskurs som skulle vore gjennomført i november i samarbeid med Stord sokn. Det var nok påmelde til gjennomføring, men kurset kunne ikkje gjennomførast på grunn av smitteverns reglar. Utsett til 2021.

### Gudstenesteutvalet:

Medlemmer er: Asbjørn Gundersen, Laila H. Røksund (leiar), Lene Fylkesnes Nesse, Margot Laurhammer (sekretær), Liv Merete F. Pedersen, Sissel Fylkesnes og Øystein L. Olafsen.

Gudstenesteutvalet har hatt to møter i 2020.

### Gudstenesteutvalet sit mandat og kva saker me har moglegheit for å arbeide med

- Gudstenesteutvalet skal arbeida for eit rikt og levande gudstenesteliv og for å gjera søndagen til kyrkjedag i Bremnes kyrkjelyd.
- Utvalet skal regelmessig evaluera gudstenestene med sikte på dette.
- Utvalet skal arbeida for å involvera frivillige til ulike oppgåver for gjennomføring av gudstenester.
- Ved eventuell søknad om ny gudstenesteordning, skal gudstenesteutvalet saksførebu dette for soknerådet.

### Saker gjennom året

- Eigne og mindre dåpsseremoniar har vore gjennomført i korona perioden.
- Utarbeidd forslag til «Revidert hovudgudsteneste».
- Utarbeidd forslag til «Lokal ordning for familiegudstenesta».
- Det var planlagt Quiz kveld i kyrkja i haust. Denne vart avlyst pga korona.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bremnes sokneråd

### Kyrkjemusikalsk arbeid:

Kyrkjemusikalsk kontakt for soknerådet: Lene Fylkesnes Nesse

Fagleg ansvarleg: Kantor Øystein Lund Olafsen

Det vart lagt mange kyrkjemusikalske planar før landet blei stengt ned 12.mars 2020.

Bremnes Kantori var godt i gang med øving til konsert med blåsarar frå Stavanger symfoniorkester med framsyning av «Gloria» av John Rutter. Allereie 21.mars skulle det ha vore konsert saman med Nordic Tenors. Konsertdeltaking på «Folk på Bømlo» og sommarkonsert låg i planane for våren. I forbindelse med KN sin fasteaksjon var det planlagt ei markering med blant anna «Kick-off» konsert saman med Bømlo Gospel. Bømlo Gospel rakk å halda konsert på Fitjar i januar og konsert saman med Gospelkoret HIM (Oslo) siste helga før korona ned stenginga.

### Arrangement gjennom året

- Då alt vart avlyst valte kyrkja å lage ein musikkvideo der Bremnes Kantori og Bømlo Gospel med solistar deltok. «We are the world» vart omsett til nynorsk av Runa Våge Krukhaug. Denne vart godt motteke av KN sentralt, TV-Haugaland og NRK Vestlandsrevyen, og fekk mange «streams».
- Strøyming av gudstenester på nett vart det vanlege i 2020, nokon direkte og etterkvart nokon opptak som vart produserte på førehand.
- I høve 17.mai vart det laga ei stor festgudsteneste beståande av 5 musikkvideoar i tillegg til det liturgiske innhaldet. Mange på Bømlo fylgde kyrkja si sending som var ei samsending med Bømlo-Nytt og kommunen. I musikkvideoane dukka det opp mange folk frå alle samfunnslag på Bømlo, til stor glede for sjåarane.
- Mot sommaren vart det laga ein ny musikkvideo med sangen «Slå ring».
- På hausten var det ei lita opning for å samlast i kyrkja igjen. Ein rakk då å arrangere ein konsert med Roland Utbult og Bømlo Gospel.
- Bremnes Kantori framførte i høve alle helgen «Sommerlandet» av Skeie/Galib i Bremnes kyrkje 2 dagar (for Bremnes og Lykling). Som solist hadde dei med seg Ingrid Grøvan og som tekstlesar Anita Myhre.
- Juleturnéen «Vår jul» med Torstein Sødal, Gaute Ormåsen, Christian Ingebrigtsen, Vivian Sørmealand og Tine Ting Helseth gjesta kyrkja. Alt under musikalsk leiing av vår eigen kantor, Øystein Lund Olafsen.
- Staben på kyrkjekontoret tok tidleg på hausten ei avgjersle om å gjere julegudstenesta digital. Dette for å kunne forberede produksjonen. Julegudstenesta inneheldt musikkvideoar og julespel, og aktørar frå Bømlo Teater, Bremnes Kantori, Bømlo Gospel og Bømlo SoulChildren.
- Det vart produsert ein flott advents kalender. Ei luke kl.08:30 kvar dag i advent vart presentert med tekstlesing og musikkinnslag. Fleire skuleklassar fylgde desse sendingane fast kvar dag. Stor involvering av folk på Bømlo, bra for kyrkjelydsbygginga vår.
- Idé, regi og gjennomføring av dei digitale produksjonane på Bømlo i korona-året 2020 ved kyrkjelydspedagogane Laila Hansen Røksund, Liv Merete F. Pedersen og kantor Øystein Lund Olafsen.

### Musikalske aktørar i kyrkja

Kantor Øystein Lund Olafsen er musikalsk leiar for Bremnes Kantori og Bømlo Gospel.

- Bremnes Kantori har 43 aktive medlemmer. Koret har delteke med grupper og fullt kor ved mange gudstenester i Bremnes kyrkje, ikkje minst høgtidsdagane (påskedag, pinsedag og juledag) og i grupper, ved mange av dei strøyma gudstenestene.
- Bømlo Gospel er i samråd med soknerådet teke inn som ein del av kantor si stilling (kun øvinga på mandager). Koret tel 70 medlemmar.
- Soul Children og Bømlo Gospel driv aktivt og godt. Begge har øvingsplass i Bremnes kyrkje.
- Soul Children, Bømlo Gospel, TenSing Bømlo og Havdur har delteke ved gudstenester i løpet av året.
- Lokale instrumentalistar har delteke i mange gudstenester. Her bør nemnast Andreas Södergran (gitar), Lars Egil Vik (trompet) Marit Helene Dahl (song) og Lene Fylkesnes Nesse (song). Dette var andre året til kantor Øystein Lund Olafsen.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bremnes sokneråd

- Oppgradering av det tekniske utstyret i kyrkja er starta. Nye monitorar (3), mikrofon på lesepult og 4 delay-høgtalarar (med forsterkar) under galleri er installert.
- Flygelaksjonen er i gong, og sjølv med redusert aktivitet er saldoen pr.31.12.20 ca kr 300.000,-

### Tekstlesarar:

Faste tekstlesarar er:

Berit Hallaråker, Randi Hillesøy Kallevåg og Håkon Staveland.

Dei gjer teneste som tekstlesarar ved gudstenester og er med for å formidla bibeltekstane på ulike måtar for kyrkjelyden.

No i korona tida har dei tilsette ved kyrkjekontoret vore med som tekstlesarar og elles medverkande i strøyme gudstenestene.

### Kreativ komite:

Medlemmer: Jenny Elin Hope

Jenny Elin har hatt ansvar for å pynte i kyrkja, og ved spesielle høve, t.d. Konfirmasjonsgudstenester og julegudstenester. Ho har gjort ein flott innsats.

### Kyrkjekaffikomite:

Medlemmar: Wenche T Alvsvåg, Gunn Svendsen Meling, Gerd Marit Nesse, og Åshild Olsen, Martha Steinsbø, Annbjørg Seim og Nancy Sortland.

Komiteen treffest ein gong pr semester og fordeler oppgåver. Kyrkjekaffien er eit viktig innslag for å skapa og ta vare på fellesskapet i kyrkja. Dei har laga til trivelege stunder etter gudstenesta, der kyrkjelyden kan ta seg tid til ein prat, kaffi og noko å bita i. I 2020 har det ikkje vore høve til å servere kyrkjekaffi pga korona.

### Video-overføring til BBR og sjukeheimen:

- Normalt har ein hatt video overføring av gudstenester frå Bremnes kyrkje til sjukeheimen annankvar søndag.
- 2020 vart året då ein verkeleg fekk teke i bruk videoutstyret i Bremnes kyrkje pga korona og forbod mot å samlast til gudstenester. Videoutstyret i Bremnes kyrkje gjorde det mogeleg å allereie 15. mars nå ut til folk med strøyma gudsteneste, og den lukka overføringa til sjukeheimen vart opna opp for alle. Det har i periodar blitt halde digital gudsteneste frå Bremnes kyrkje.
- Videoutstyret er også brukt til strøyming av dåpsgudstenester, og gravferder. Kyrkja har sett på det som eit av sine samfunnsbidrag å tilby gratis strøyming av gravferder for dei som ynskjer det. Pedagogane ved kyrkjekontoret har styrt kamera.
- Bømlo Janitsjar gjennomførte ein heildigital julekonsert frå Bremnes kyrkje i advent.
- Det har i denne tida blitt testa ut ulike tekniske koplingar av videostrøyming. Ein har blant anna hatt sending direkte mot Facebook og YouTube.
- Hadde det ikkje vore for videoutstyret i Bremnes kyrkje så ville kyrkjene på Bømlo hatt mykje vanskelegare for å nå ut til folk med gudstenester gjennom 2020.

Ansvarlege for filming: Jens Steinsbø, Oddvar Pedersen, Kjell Rolfsnes, Herman Økland, Arnulf Norheim, Sverre Håvik og Kristine Sætre. Ei viktig teneste til glede for dei på Bømlo Sjukeheim.

### Ymse kontaktpersonar:

- Åse Innvær – KN-kontakt. Han har hatt ansvaret for å koordinera innsamlingsarbeidet for «Kirkens Nødhjelp-aksjonen» som er konfirmantane sitt vårprosjekt.
- Gunnvald Bjotveit er soknerådet sin felles representant for «Gjevartenesta for soknediakonstillinga». Han er representant frå alle sokn og er aleine om å ivareta oppgåver i høve til gjevartane. Fellestrådet fører rekneskapen for gjevartenesta.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bremnes sokneråd

- Medlem av Estlandskomiteén er Randi Olsen og Margareth Urang. Komiteén har ansvar for kontakt med venskapskyrkjelyden vår i Sangaste. Årsmelding frå Estlandskomiteen vert lagt fram og er mogleg og få med seg.

### Frivillige medhjelparar ved nattverd:

Olav Mæland (fast), Håkon Staveland, Berit Hallaråker og Sissel Våge.

### Dåpsvertar:

Medlemmar: Heidi Fylkesnes, Randi Hillesøy Kallevåg, Synnøve Staveland og Anne Kristin Sønstabø. Dåpsvertane tar imot dåpsfamiliane og legg til rette for dei i dåpssakristiet og i kyrkja.

### Statistikk:

|                          | Bremnes | Bremnes | Bremnes | Bremnes | Bremnes | Bremnes |
|--------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
|                          | 2020    | 2019    | 2018    | 2017    | 2016    | 2015    |
| Døypte                   | 55      | 57      | 63      | 71      | 73      | 75      |
| Konfirmerte              | 70      | 88      | 66      | 87      | 92      | 92      |
| Kyrkjeleg vigsel         | 3       | 7       | 8       | 9       | 7       | 16      |
| Gravferder               | 46      | 56      | 58      | 44      | 35      | 59      |
| Gudstenester             | 71      | 61      | 75      | 71      | 70      | 65      |
| Musikkand./Konsertar     | 5       | 13      | 11      | 11      | 9       | 12      |
| Innmelde DNK             | 3       | 5       | 6       | 0       | 3       | 1       |
| Utmelde DNK              | 20      | 23      | 12      | 20      | 21      | 15      |
| Takkoffer/Kollekt        | 275585  | 601699  | 399533  | 342561  | 240239  | 298842  |
| Givartenesta             | 60000   | 60500   | 45950   | 65700   | 81950   | 109800  |
| Andre innsaml.i soknet   | 0       | 77450   | 97550   | 83323   | 107494  | 107452  |
| Deltaking v/ alle gudst. | 4545    | 10358   | 12743   | 12315   | 12337   | 11498   |

### Økonomi:

Det vert vist til rekneskapen.

*Strukturen i det arbeidet som soknerådet har ansvar for, fungerer godt, men innsatsen dei mange trufaste frivillige gjer kvart einaste år, er heilt avgjerande.*

*Soknerådet takkar alle medlemene av utvala og alle andre som gjer ein stor og viktig innsats for at kyrkjelydslivet skal kunna veksa.*

*Me takkar også for det gode samarbeidet me har med dei tilsette på kyrkjekontoret.*

**Årsmelding 2020 er godkjent i Bremnes sokneråd 09.03.2021 Sak 02-06-21**

Kjersti Mæland  
leiar

Margot Laurhammer  
sekretær